



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:
21/9909

Vår ref.:
21/1265 - 6 / ANT

Dato:
14.12.2021

Spørsmål frå landbruksavdelinga til delings sak - gbnr 156/10 - Austrheimsvegen- Svar

Landbruksavdelinga har fått oversendt søknad om deling på gbnr 156/10 til handsaming etter jordlova.

Gbnr 156/10 er ein landbrukseigedom registrert med 59,2 daa fulldyrka areal, 0,3 daa overflatedyrka jord og 10, 7 daa innmarksbeite. I tillegg er det skop og utmark til eigedomen som har eit samla areal på 197,8 daa.

Me er samd med dykk at i høve til jordressursar er dette ein ganske stor eigedom på våre kantar og ved ei eventuell konsesjonsbehandling ville det vera naturleg å setja vilkår om buplikt. Me er og samd med dykk i at det er svært sjeldan at det vert gitt løyve etter jordlova til å dela frå det einaste bustadhuset frå landbrukseigedomar av denne storleiken, utan at resten av jord og skogareal vert seldt som tilleggsjord til bruk i aktiv drift.

Me har berre informasjon i saka/søknad om at det er søkt frådeling av bustadhuset. Me har ikkje opplysingar/informasjon om at det er tankar om å avhenda resten av eigedomen.

Austrheim kommune vonar at de tek saka vidare slik de synes er best for landbrukseigedomen, landbruket og med tanke på busetjing i kommunen vår. De må handsama saka etter jordlova og etter dykkar god innsikt og skjønn i slike saker.

Med helsing
Austrheim kommune

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Mottakere:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

